

Meland kommune
Att: Kristin Nåmdal
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Meland kommune Hordaland - Temarevisjon av kommuneplanen sin arealdel - høyringsuttale

Vi viser til brev av 30.04.2019 frå Meland kommune og framlegg til arealdelen av kommuneplanen samt tidlegare korrespondanse i saken.

Fiskeridirektoratet har som kjerneoppgåver å føre kontroll med fiskerinæringa og tilsyn med havbruksnæringa. Det tredje av kjernområda til Fiskeridirektoratet er marin arealforvaltning (<https://www.fiskeridir.no/Om-oss/Strategi-og-satsinger/Hva-er-marin-arealforvaltning>). Det er direktoratet sitt ansvar å sjå til at omsynet til det marine miljøet og fiskeriinteressene vert tilstrekkelig teke vare på gjennom den kommunale arealplanenlegginga. Meir om Fiskeridirektoratet sitt ansvarsområde og samfunnsoppdrag finn ein her; <https://www.fiskeridir.no/Om-oss/Strategi-og-satsinger>

Meland kommune vedtok i 2018 planprogram med følgjande revisjonstema;

- Areal for havbruksnæring på land og vann, areal for djupvasskai
- Reiselivsrelatert næringsutvikling og Meland golf
- Areal for gjenbruksmasser

Fiskeridirektoratet region Vest har gjeve innspel til planprogrammet og vi viser her til vårt brev av 14.02.2018.

Vurdering av planen

Fiskeridirektoratet region Vest meiner at planomtala i lag med arealplankartet, planførersegna, akvakulturanalyse og konsekvensutgreiing gjev ein heilhetlig framstilling av planen, kva metodikk og prosess kommunen har nytta fram til høyringsframlegget var ferdig utarbeida. Det knyt seg ikkje motsegn til planen frå Fiskeridirektoratet region Vest.

Akvakulturanalyse

Kommunen har gjennomført ein analyse av akvakulturområde i sjø for å finna kva av sjøområda som kan setjast av til akvakultur. Arbeidet har vore organisert som ei

interesseavklaring mellom akvakultur og andre bruks- og verneinteresser og ein har nytta såkalla trafikklys-system som metode for vekting. Temadata som er vurdert i høve til akvakultur er; Fiskeri, naturgrunnlag i sjø, Landskap, kulturminne og friluftsliv, Sjøtransport og maritim næring. Vektinga av temadata er gjort med utgangspunkt i akvakultur generelt, altså ikkje med spesiell fokus på laks og regnbogeaure.

Grøn kategori; «*Det er ikkje registrert bruks- eller verneinteresser i området og etablering av akvakultur kan derfor vere mogleg. Områda må såleis sjåast i samanheng med anna arealforvaltning i kommuneplanens arealdel».*

Gul kategori; *Akvakultur kan vere aktuelt i desse områda ut frå vurderingar knytt til lokale tilhøve. Det er registrert interesser i områda, men prioritering mellom desse og akvakultur er ikkje endelig klarlagt. Avklaring mellom sektorinteresser og akvakultur må gjennomførast som del av kommuneplanen sin arealdel eller søknad om ny/endra akvakulturlokalitet».*

Raud kategori; «*Akvakultur er ikkje foreineleg med andre bruks- eller verneinteresser. I desse områda er andre interesser prioritert før akvakultur».*

Kommunen har gjennomført møter med havbruksnæringa i regionen og interesseorganisasjonane til næringa og gjennom desse møta har ein fått innspel om nye akvakulturområde og endring av eksisterande.

Det kjem ikkje fram av plandokumenta om kommunen har hatt møter eller dialog med fiskarlag eller andre interesser tilknytta fiske i planprosessen. Fiskeridirektoratet region Vest har ikkje delteke på møter, men av akvakulturanalyса og konsekvensutgreiinga ser vi likevel at kommunen for ein stor del har nytta Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy Yggdrasil som kjelde ved innhenting av temadata om fiskeplassar, gyteområde o.a. marint biologisk mangfold. Data om fiskeplassar, låssettingsplassar og gyteområde som er lagt inn i Yggdrasil er basert på intervju Fiskeridirektoratet har hatt med fiskarlag og lokalkjente fiskarar. Vi gjer samstundes merksam på datasettet 'Gytfelt torsk MB' som også er å finne i Yggdrasil under hovudtema Kystnære fiskeridata'. Dette er Havforskningsinstituttet sitt datasett der kartlegging av gyteområder går føre seg gjennom ein kombinasjon av Fiskeridirektoratet sine intervjuundersøkingar og verifikasiing i felt gjennom blant anna eggtellinger og undersøkingar av havstraumar og oseanografi.

Vurdering av dei einskilde akvakulturområda

I gjeldande arealplan frå 2015 er det avsett areal for akvakultur i sjø ved Kjeppevikholmen og ved Laksevika. Det er etablert lakseoppdrett innanfor begge områda og det er same selskap som driv på begge lokalitetane.

Etter akvakulturanalyisen har ein føretatt konsekvensutreiing av akvakulturområda som har fått grøn eller gul verdi gjennom akvakulturanlaysen;

«Gjennom akvakulturanalysen kom ein fram til sju potensielle område for akvakultur i sjø. Desse er konsekvensutgreia, og aktuelle område har gått gjennom ein ROS-analyse. Etter KU enda ein opp med å utvida eksisterande akvakulturområde ved Kjeppevikholmen(AK_2), dela opp kombinasjonsføremålet ved Skjelanger fort(FEFIAKFR_1 og 2), opna for to nye område for tare-skjelanlegg ved Gastad(FEAK_1 og 2), og leggja til rette for nytt akvakulturområde ved Trollhola(AK_3)...».

Fiskeridirektoratet region Vest ser ikkje at akvakulturområda som er teke med i planen vil medføre vesentlig auka risiko for bevaring av gyteområde og andre kjente marine



ressursområde. Vi ser heller ikke at konfliktpotensial med fiskeriinteresser vil auke vesentlig som følge av planforslaget. Vi framhever at fortøyningssystem må holdast utanfor registrerte fiskeområde og dette gjeld særskild områda som er registrert som trålfelt.

Krav til reguleringsplan for akvakultur i sjøområda

Når det gjeld krav til å utarbeide reguleringsplan for akvakultur i sjø er det noko som Fiskeridirektoratet rår generelt ifrå. Vi meiner at arealbruk skal vere tilstrekkelig regulert gjennom arealplanen. Dersom reguleringsplan likevel vert utarbeida, rår vi til at dette går føre seg parallelt med Fylkeskommunen sin handsaming av søknad om akvakulturlokalitet etter akvakulturlova.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.



Mottakarliste:

Meland kommune Postboks 79 5906 FREKHAUG

Kopi til:

Fiskarlaget Vest	Slottsgt. 3	5003	BERGEN
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Regionalavdelinga			
Kystverket Vest	Postboks 1502	6025	ÅLESUND

